Andreas Bjelland – Oddas første redaktør

Andreas Bjelland var født på Stord 9. juli 1871 under namnet Andreas Akselsen. Faren Aksel arbeidde ved gruvene på Litlabø. Andreas rauk uklar med faren, tok seg arbeid på ei nordlandsskute, rømde i land i Hammerfest og arbeidde seg sørover. Han gjekk i bakarlære i Trondheim, baka fleire stader i landet og slo seg til i Uskedalen for ei tid. I Odda starta han bakeri og kolonialforretning på Nyland i 1907, i eit hus som Ola O. Hagen og Th. Simonsen bygde. Han kjøpte huset etter kvart, men gjekk seinare konkurs og flytte til Banhammar / Kleivavika. Bakarfirmaet Klungland kjøpte huset og bakeriet på Nyland og starta opp igjen i 1923. Huset står framleis, har adresse Røldalsvegen 74 og blir gjerne kalla Klunglandhuset.

Bjelland var svært samfunnsengasjert. I 1912 tok han opptakten til skipingsmøtet for Odda Handelsstandsforening, skipa 8. april 1912, og han vart vald til første formann.

Men alt i 1908 gjekk han i gang med Oddas første avis, Oddingen, som kom ut med første nummer den 7. mars 1908. "Oddingen er det første og et fordringsløst forsøg som avis i nybyen Odda" står det på førstesida. Avisa har mange annonser, mellom anna kan vi lesa at hans eige bakeri reklamerer med "Spesialist i Langebrød og Rugkavring. Bagning". Bjelland gjekk optimistisk i gang, men avisa kom berre ut med to nummer. Likevel gav han ikkje opp, for i følgje barnebarnet hans Aud Løvfall som har gjeve museet opplysningar og lånt oss aviser, foto m.m., dreiv han på nytt med avis frå 1909. Den heitte "Sandheden" og kom ut med to årgangar, 1909 – 10. Sandheden kom og ut med skriveform Sandheten og hadde undertittelen "Frit diskusjonsblad for det arbeidende folks interesser og krav".

Etter at han hadde slutta med bakeri og kolonial og den verste krisetida tidleg på 1920-talet var over, - AS Odda Smelteverk vart etablert og starta opp igjen fabrikkane i 1924, så starta Bjelland igjen som redaktør. Han skipa Odda Nyhetsblad og dreiv dette frå 1925 – 1946.

På sine eldre dagar dreiv Andreas Bjelland avskrivingsbyrå i kjellarlokalet i Kremarvegen 4, der Zanz Sko er i dag. Og som initiativtakar til Odda handelsstandsforening, var Bjelland naturleg nok med på foreininga sin 40 års fest som dei heldt på Solfonn Hotel i 1952. Han var då 80 år og sprek på sine eldra dager, men han fekk lungebetennelse og døydde kort tid etter.

NVIM, 3.3.2008
Brita Jordal og Siri Jordal

Kjelder
*Våge og Havnelid: Kvinnherad. 1992. *Intervju med Aud Løvfall, MVIM 1.2.2002.
*Kolltveit: Odda og Tyssedal Handelsstandsforening, 1952. *Norske aviser 1763-1969.